

Ei  
ruvande  
folke-  
bok

I desse dagar er det klart for prenting av tredje delen av bygdeboka for Norddal. Dette vert ei ruvande kultursoge i to band, med over 800 sider og mange biletar. Over 30 skribentar har vora med på å gjere verket ferdig, og no får ein altså ei verkeleg folkebok, der alle skulle finne noko for seg.

Denne «prøven» på innhaldet, ein bit av artikkelen om smedar og smedarbeid, skulle syne noko av det ein kan vente seg av boka. Artikkelen er skriven av Gerhard Berge, som mellom anna dreiv Norddal jarnarbeidskule i 11 år.

# Smedar og smedarbeid

Til innbu og reiskap trongs det tida smedarbeid. Smier fanst på dei fleste gardar, og mang ein gardbrukar var sjølvhjelpt i smia og. Men til somt arbeid trongst det fagfolk, før som no, og gode smedar vart verdsette høgt.

Dei første smedane vi kjunner namnet på i Norddal, er dei såkalla «Ratesønene», truleg Raten (23): Jon f. 1660, Botolf f. 1662, Ole f. 1673 og Lars f. 1677.

Om smedane i Norddal skreiv Hans Strøm:

«Smede-Kunsten vise de unge Bønder-Karle meget gode Prøver, endog af flint Arbeid: især har jeg seet Penne-Knive med Messing-Skafter, saa net smedede, støpte og udgravede, at de ikke uden Vanskelighed kunne skiller fra de Nyrnbergske eller andre udenlandske Knive». Og vidare: «Blandt dette Steds afdøde Kunstnere bør de saa kaldte Rate-Sønner (det er, nogle Brødre, fødte paa den Gaard Raten i Valdalen) fornemmelig erindres, da de overalt her i Egnen ere bekjente, ei aleene for deres Hændighed i at smede og forfærdige allehaande flint Arbeid, men og for en hartad utroelig Klygtighed i at opfinde og iverksætte adskillige Mechaniske Ting, blant hvilke jeg ikkun vil anføre den nyttigste som var denne, at deres fleste Maskiner, især Smede-Bælge og Slibe-Steene, blive drevet ved Vand. At lade Smede-Bælge jeg gaae ved Vand, derpaar har jeg kun seet eit Exempel hos en endnu levende konstig Smed i samme Dal: men den anden Maade med at drive Slibe-Stene, som er meget let og eenfoldig, har faaet mange flere Efterfølgere, og tiener dem til ikke lidens Lettelse og Fordeel».

Ei segn fortel at då den store altertavla i Dale kyrkje vart frakta til Dalsbygda, truleg før 1670 — fekk ein av englane skade. Ratesønene vølte då den sundbrotna englen, eller dei laga ein ny, og det var så godt gjort at det ikkje var mogleg å sjå skilnad frå maken. Et dette sant, må det ha funnest «Ratesønene» som var uvanleg dugande handverkarar minst ein mannsalder før dei Strøm har skrive om.

Kister og kastedrag skulle vere serleg fine, med rosemåling, årstal og namn. Ofte hadde både dei og reiseskrina såkalla «løyndebur». Det kunne vere ein dubbel botn, eller ein liten «leddik» som ukjende ikkje kunne finne fram til. Til alt dette måtte lás og beslag av beste sort, og låsesmedane kappast om å lage dei tryggaste låsa. Stundom laga dei låsa slik at berre den som kunne bruke lykjelen på ein viss måte, fekk låset opp. Lås laut lagast i mange storleikar, frå digre for stabbur og svovehus og naust, til lås for kister og skrin og skap av mange slag.

Dei beste låsesmedane vart

vidspurde. Ein av dei var «Jamtesmeden», og om han fortelst ei merkeleg soge:

Frå Lesja kom ein rømling til Grønningsæter. Han var lyst fredlaus, for han skulle ha fått barn med syster si. Denne rømlingen var uvanleg flink smed, og han innreidde seg ei smie i ein stor hellar i ura oppfor Grønning. Ura har sidan heitt «Smi-ura». Denne smeden brukte to vindhol i alsteinen. Rømlingen bygde seg eit lite hus på Grønning og vart kalla «Veslestuen». Dette hende truleg i siste halvpart av det 18. hundreåret.

Men lovarmen er lang. På Relling budde kaptein Ludvig Synnestvedt, f. 1724. Han kom til Grønning og arresterte «Veslestuen» og tok han med til Relling, og i kjellaren til kapteinen budde han så i fire år. Men han fekk høve til å drive med yrket sitt, og der laga han så eit meisterverk av eit lás — til Kongens skattkammers i København.

Kapteinen hadde sonen Magnus-Urganus. I 1804 drog Magnus til København, og då hadde han truleg med seg låset «Veslestuen» hadde laga, men lykjelen fekk han ikkje med seg. Smedane i København greidde ikkje å lage lykje til låset, og så vart det sendt attende til Relling. No sette «Veslestuen» lykjelen i låset og sende det til København på nytt. — saman med ein søknad om nåde og ei bøn om å få verte fri. Han flytte då til Jamtegarden og vart sidan kalla Jamtesmeden.

Ein må veltru at kaptein Synnestvedt hjelpte til så fangen slapp laus, og at «Veslestuen» ikkje hadde så mykje mot «fangeskapet» på Relling.

Ein annan kjend smed var Elling Ellingsson Seljeseter, f. 1851. Han kom frå Hornindal, og i 1859 vart han gift med Oline Magnusdtr. Storås. Dei busette seg i Eidsdal og sette opp ei smie på Øygard. Ellings sette i si ære i å ha arbeidet ferdig til avtalt tid, og han fekk mykje arbeid med å kvesse mineborar. Elles laga han ei mengd navavarar. Det gjekk serleg mykje av rivenavarar og spikarnavarar, men han låga og store husnavavarar. Det er fortalt at han smidde navavarane av ljåspiker.

Men smedane hadde mange andre oppgåver: Knappar, krokar og meller, syljer og spenne av ymse slag var det tida bruk for, og å lage slikt var mannsarbeid, oftast smedarbeid. Krokar og meller til kleda vart laga av messingstreg, men det trongs skespaleireskap til å bøye strengen i rett skap. Vanlege knappar vart tida dreia av horn, men knappar av messing og tin vart støypte. Formene var av blautgrjot (kleberstein). Dei var ofta tredele, og hadde utkrota ornament som vart overførde på knappen i støpinga. Både hekter og knappar vart tida

sprette ut or gamle klede og sette i nye plagg.

Smeltdigelen var av blautgrjot og tok oftast ein halv liter. Han var oppvermt med trekol, og så støypte smeden knappar, lás til pengeungar, eller lommelás til kvinnene. Somme smedar støypte og ljosestakar av messig og bjøller til kyr og småkrøter. Lommelás og slikt forma dei tid i sand, og formsanden fann dei i brya under slipesteinen. Sand av olivenstein vart og brukta, og til å binda sanden i hop brukte dei log av almebruk. Dekoreringa kunne skjerast inn i modellen, men ein kunne og bruke gravstikka etter at låset var støypt.

Karane hadde alltid belte med tollekniv og slire. Beltet hadde ei støypt spenne framme, og ein messingring på kvar side, til feste for knivslira. I slatthen hekk brynestokken i beltet. Det var helst ein uthola trestokk, med ein krok til å krøkja på beltet. Beltespenna vart også utforma og støypte i sand.

AV  
Gerhard  
Berge


## BØRSESMEDAR

Den 14.1. 1812 vart det halde eit rettsmøte på Sørneset i Borgund. Nokre soldatar hadde hatt mørstring og øving på Relling i oktober 1811, der hadde dei laga noko oppstyr, mest for at dei hadde vortne innrullerte i kystvernet. Men geværa deira hadde vorte utlånte til Nordøyane. Kommandant Frup i Bergen vitnar då skriftleg:

«Norddalen har ypperlige Børsesmede som kan gjøre gode Rifler og Geværer.

Truleg har det vore laga børser i Norddal frå 17hundretalet, og smedane følge sikkert godt med i utviklinga, for gode børser trongst både til veiding og til vern mot rovdyra, men frå 1850 vart færre og færre børser handlagt.

Tore var elles ein god læremester for mange, såleis for «Smed-Lars».



Dette biletet syner «Smede-Lars» og kona hans i arbeid.

laga dei både hagler og rifler. Boring og rifling av pipa avgjorde om børsa var god. A rifle ei børsepipa er ingen lett oppgåve. Stålet dei laga rifflingane med, var som ei fil om lag 25 mm lang. Kanten av denne fila vart ført att og fram i børsepipa i ein langstrakt spiral. Ein sers stol laut lagast til dette arbeidet, og bakom børsa måtte dei ha ein lang skruv som styrt stålet inne i børsepipa. Denne skruven var laga av tre, og var utskoren med handverktøy.

I eldre tid vart ein børsesmed kalla «korsmed» (korpsmed?), så truleg er det militære børsemakarar som har kome til Norddal med kunsten.

Lars Pedersson Døving f. 1791, var korpsbøssemakar, og sonen Tore Larsson ville lære faget grundig. I 1847 kom han i lære på Kongsvberg og var der i åtte år. Ved avgangsprøva vart han mellom dei beste, og han var så børsemakar på Kongsvinger festning til 1863. Då flytete han attende til Valldalen og vart postopnar og gardbrukar. Sidan gjorde han ei ferd til Belgia, truleg for å setje seg inn i korleis Mausergeværet var laga. Han ville elles ikkje kalle seg smed. «Jeg er kun en filer», sa han.

Då han skulle kjøpe garden på Sylte, laut han låne pengane, og enno fanst det ikkje bank i Norddal. Tore gjekk då til Hjelma, til ein slekting der, og bad om lån. Hjelmannen gjekk rundt i stova og plukka fram litt her og litt der, — or smothol og veggfeller — til Tore hadde fått dei pengane han trongt.

Tore var elles ein god læremester for mange, såleis for «Smed-Lars».

Mons Sylfestsson Hauge (187)

Mons vart f. i Tafjord i 1835, og var bror til gamle Sylfest-Lars. I unge år dreiv Mons ysting i Reindalen, men flytte sidan til Fjørå og, vart ein allsidig og dugande handverkar. Attåt var han ein sers flink felespelar. Han hadde smie, og laga båtsaum, øksar, knivar og andre eggjarn og verkty av ymse slag. Han dreiv og med messingstøping, og var såleis gjørtlar dei kalla. Han hadde to smeltdiglar på om lag 1/2 liter kvar, og støypte messingbjøller til ku og smale, laga fint dekorerte lommelás til

kvinnene, syljer og ymse slag bruksting. Når dei patinerte (oksyderte) messingen i den tida, så han vart gullgul, gjorde dei messingen smått glødande, og kjølte han så av i «nauteland» d.e. urin av storfe. Mons var flink trearbeidar og, og laga m.a. eit kastdrag med løydebur. Det var vent rosemåla av gamle Øya-Ingebrigts og stend visse enno på Hauge.

Nils Iver Høyhjelle f. 1832, vokser opp på Høyhjelle, på eit smabruk der. Han var ei tid i smedlære på Nebbedalshaugen i Sunnylven, men busette seg på Grønningsæter og vart allsidig smed og handverkar. Han laga si eiga børse med rifflingar, og den finst visst enno på Grønningsæter. Truleg lærde han frå seg noko av kunsten til broren Lars.


**Smed-Lars** — Lars Knutsson Høyhjelle

«Smed-Lars» var bror til Nils Iver ovanfor, men han laut tidleg ut og tene. Først var han gjetar i Vaksvis. Nista for dagen var noko flatbrød og ei sild. Hovudplagg hadde han ikkje, men når det var regn, flekte han bjørkenever og skar seg til eit slag hue. «I va hent, ska' du vite», sa han. Løna var nokre kledeplagg og tre dalar. Så tente han i Sunnylven eit halvt år og for det fekk han seks daler. Så arbeidde han fem år i Vika, med jaktebygging, og smidde då alt jernbeslag til seks jakter. I 1863 smidde han alt som trongst til Syltekyrkja. Same året vart han gift med Oline Olsdtr. f. 1828 på Sylte, og ho fylgte han trufast gjennom livet — også i smia — og i skiftande kår. I smia var ho tidt oppslagar — den beste av alle, sa Lars.

«Oss æ difyr two at oss ska' hjelpast åt», brukte ho seie. Lars var visst samd, og når Oline sette kakedeig, var han aldri langt unna. Når Olina hadde bikka i deigen den sirupen ho tykte dei hadde råd til, gav Lars sirupskoppen enno ein dubb. Det var nett denne «siste du'en som gjorde kakene goe», sa han.

Då Syltekyrkja var ferdig, flytte Lars til Høyhjelle, men to år etterpå bygde han seg smie på Sylte, truleg for å få betre samband med kundane, og der

Framhald side 7



— Mange kunne ha vært hjulpet hvis de hadde sikt lege og psykiatrisk hjelp tidligere.

**Overlege Leif Foss:**

## Bittert når «luften går ut av ballongen»

— Som oftest vil de som har en hard krigsinnsats bak seg være plaget av søvnvansker og mareritt, og i mange tilfeller vil disse vanskene først oppstå som senvirkninger i 50 til 70 årsalderen.

Det er overlege Leif Foss ved psykiatisk avdeling ved Fylkessykehuset, som sier dette. Overlege Foss har tidligere vært 8 år ved psykiatisk avdeling ved Molde sykehus og har således en spesiell erfaring med psykiske etterkrigslideler.


— Hvor stort er omfanget av alkoholsime, som følge av krigen?

— En del har nok fått varige alkoholproblemer. Mange av dem jeg har vært i kontakt med har fortalt at allerede under krigen var alkoholforbruket påtagelig, slik at enkelte allerede da begynte å få problemer, men mitt inntrykk er at alkoholistene utgjør en hundredel av de krigspensionerte.

De fleste av de psykiske skadene hadde en rolig periode etter krigen, hva mareritt og angst angår. Men i 50–60-årsalderen begynner vanskene. Disse kommer i form av tretthet, med påfølgende nedsatt arbeidseffektivitet, og da må selv disse karene, som virkelig var barske typer, melde pass. Og her ligger et stort problem, som det er vanskelig å se i øynene for den

som er blitt utsatt for disse symptomene. Det er bittert å måtte konstatere at «luften er gått ut av ballongen». De makter rett og slett ikke å utføre det arbeid de har utført i mange år, og resultatet blir for de fleste depresjon, som igjen kan få de forskjelligste utslag.

Mange av disse kan bli hjulpet ved attføring, som igjen kan gjøre dem skikket til et mindre krevende arbeid. Mange kunne ha vært hjulpet hvis de hadde sikt lege og psykiatrisk hjelp tidligere, men jeg tror at det å søke psykiater, det er det siste en gjør her i livet, noe som selv-følgelig er beklagelig. Vi kan her vise til at det er påfallende mange som kommer seg etter en attføring og dermed får selv-tilliten og livsmotet tilbake.



— Det som slår meg mest er likegyldigheten disse preges av.

**Tekst: Dagfinn Havnen ★ Foto: Oddbj. Rasmussen**

tvilelsen seg. Makteslös er vel ordet en bruker om en som ikke klarer å mestre selv de mest dagligdagse situasjoner. Det er verst de dagene da pensjonen skal hentes, ingen kan jo se at jeg har noen som helst krigsskade eller sykdom, og jeg føler at jeg blir sett på som en løgnaktig parasitt.

Vel, jeg er bare en av mange, faktisk en av dem som er bedre stillet. Pensjonen holder, de største økonomiske problemene borte, og heldigvis har jeg en sjark, slik at jeg har fritidsbeskjæftigelse.

Hvor mange er det ikke som har det slik som denne mannen. Menn som bare

tilsynelatende er friske og veltilpasset, men likevel er sjeldelig invalide.

Menn som den dag i dag står ansikt til ansikt med en fjern krig, og som må leve med krigshandlinger de som trenede soldater gjorde automatisk, uten å nøle.

De betaler ennå krigens pris.

## Smedar og - - -

vart han i seks år. Då kjøpte dei seg ein gard på Døving og dreiv den i sju år. Men Lars var nok meir handverkar enn gardbrukar, så det bar attende til smia på Sylte. Lars var sjølv lerd, men ein allsidig handverkar. Ferk han fortalt korleis eit arbeid skulle gjerast, var det nok for han. Lars smidde eit og anna for børsesmeden Tore Larsson Døving, og Tore fortalte til Lars alt det han ville vite om børsearbeid. Så laga Lars si eiga børse. Ho hadde ei riflepipe og ei haglepipe, og dei kunne setjast på børsa etter som det høvde best. Huslyden Sigurd Dale tek vare på denne børsano. Sidan vølte Lars mange andre børser.

I 1887 reiste Lars og huslyden til Amerika, men dei vart der berre eit år. «I fann ikkje Amerika, ej» — hermer dei etter han.

Amerika hadde nok ikkje vorte det han venta. Då han kom heim att, flytte han til Ytredal og bygde seg smie like ved vegen, på Gjertbruket. Der tok han til med å legge jarnskoning på hul, truleg ein av dei første, — om ikkje den første — som gjorde slikt i Norddal.

Kring 1895 kjøpte han eit hus i Dalsbygda og vart der resten av si tid. Olina døydde i 1923, Lars i 1929. Lars var aldå ein segnehelt som alle såg opp til. Han var ein dugande veidemann, for mykje i fjella på småviltjakt, men Rasmus N. Grønningseter hadde og hørt fortalt at Lars hadde skote mange bjørnar. Likevel var han mest vidgjeten for smeddugleiken sin. Når Lars skulle nemne betalinga, sa han ofte: «Dø gjeng både nolo lite kol, å noke lite jarn. A se gjeng dø ei flå for kvar hete, māvite». Det var gloskalet han siktat til.

Karl Dale skreiv minneord om han, og m.a. dette:

«Han var ein tenar for andre — med nyttig, og godt arbeid — med gode råd — og alltid manande og formanande til det som var godt. Difor hadde han og vunne seg ein venekrins som fā.»

### HÆLSPIKAR

Fram til 1930-åra var hælspikar i bruk både på skor og støvlar. Hælen vart meir slitesterk, og ein gjekk tryggare på hælkofere og skaresnø. Spikaren var heimesmidd. Somme smidde så mykje at det vart ei bra attåtnæringer. «Ebbespikaren» var ei tid godt omtalt i bygdene i Norddal og enno vidare.

Ebbe Torsteinsson Helstad f. 1862 på Stranda, vart gift i 1888 med Olina Hanna Andersdatter Relling, og så vart han gardbrukar der. Attåt smidde han hælspikar og selde for 1 øre stykket. Då heldt han både jarn og kol. I arbeidet brukte han ei såkalla «spikarlo» — ei jarnplate med hol til spikaren. Når hanshadde varma jernet, smidde han først stolpane på spikaren. På ei «hoggebeit» hogg han så spikaren frå emnet, med høveleg tillegg for hovudet, og la emnet inn att i avlen. Med tre-fire hammarslag forma han så spikarhovudet. Ebbe greidde å smi tre-fire spikarar mellom kvar gong han laut friske opp att elden med blåsebelgen. Med trenings- og handlag gjekk arbeidet utruleg fort.

Hæljarn vart og mykje brukt. Det likna ein liten hesteskø, og låg under skohælen, langs kantane.

Om Ivar Pedersson Rødal, f. 1818, er det fortalt at han var «overlag te kunstnar» og kunne lage mest kva det skulle vere, utan stort av verkty. Sonen, Karl, f. 1879, var av same slaget. I ungdomen gjekk han Hjerleids arbeidsskule, og då han kom attende til Tafjord, tok han til å lage finare møblar, og han selde både til Sverige og

## Fra side 5

England. Han laga og fine bruksting av jarn, kopar og tin, for han var allsidig handverkar som få. Smed og mekanikar vár han og, så då Tafjord Kraftselskap tok til med utbygginga, vart han først leiar for den mekaniske verkstadens og sidan maskinist på kraftstasjonen.

I fritida heldt han fram med arbeidet i sin eigen verkstad, og hadde eit uvanleg gløgtauge for dei verdiane som fanst i sjølve emnet, og visste å nytte dei ut. Av ei «bjørkekule» kunne han såleis trylle fram ei skål med minne frå naturen — skog og fjell, blomar, dyr og fuglar.

### BATBYGGING OG BARBYGGJARAR

Det har sikkert vore bygd båtar i Fjørå i lange tider. Kring 1730 var det rikt fiske langs kysten, både av sild og torsk. Då vart det storri om båtar, store og små, og i Fjørå hadde dei både vyrke, fagkunnskap og arbeidsfolk. Båtbord vann dei i fureskogen. Det tront 14 bord til ein vanleg færing. Stokkane måtte vere seks eller fem alner og dei på seks laut vere noko bogne. Båtborda vårt saga ut av stokkane med handsag av to mann som sto på ei «sagstelling», laga av lange stokkar. Ein mann stod over stokken som skulle sagast, og ein under, og så drog dei saga opp og ned mellom seg. Kjøl og innved måtte heist ha fått rette skapet i voksteren. Tjære brende båtbyggjarane sjølv, og for det meste smidde dei og båtsaum og beslag sjølv.

«Båt-Rasmus» — Rasmus Knutsson Nerhus — var båtbyggjar på 1800-talet. Mor hans — Marte Rønneberg — vart gift til Nerhus i 1782. Rasmus budde i Reiten, og smia stod like attmed stova hans. I stova hadde han berre grue, ikkje omn, og til lys brukte han tran-kolar. Rasmus var formann for båtbyggjararbeidet, og det seiest at han bygde 3–400 båtar i si tid. Han kunne bygge ein færing på ei veke, heilt aleine. Han brukte ikke mælereiskap, la berre olbogen attåt og mælte med fingrane. Og treftest gjorde det, Rasmus for og i andre bygder også bygde båtar, og elles laga han ei mengd auser og auskjer som han selde til fiskarane. Det fortelst og at han trudde fullt og fast på dei underjordiske.

«Sti-Kristian» — Kristian Nilsson Ytterlid f. 1834, var og ein sers allsidig handverkar: møbelsnikkar, smed og rokkedreiar men han bygde og mange båtar, serleg førslebåtar og færingar. Han hadde skaffa seg spindel, og tidt dreia han festene på dei møblane han laga. (Sjå og artikkelen «Samferdsle. Ferdsla på sjøen».)

## «Tjaldur» - - -

### Fra side 2

et. Triveselsmomentet er nok en sterkt medvirkende årsak til at foreningens medlemmer ikke samles oftere.

### Religiøst tilsnitt

Frelsesarmeens allsidige leder i Ålesund, major Torbjørn Vang, har ein finger med i spillet også under førjulsmøtene i «Tjaldur». De to siste årene har han assistert under opptakene og gitt programmet et lite religiøst tilsnitt med sine korte andakter, samtidig som han friskt akkompagnerer julesangen på piano.

Vang nyter også anledningen til å hilse gamle kjente. I to perioder har han nemlig vært stasjonert på Færøyene, der avdelingen i Torshavn er lagt under Frelsesarmeens i Norge — fornuftig nok!

Eller hva sier danskenet?